



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Bystøl AS

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/109-2

2. juni 2022

Klage på NVEs vedtak om avslag til regulering av Instebotnvatnet i Vestnes kommune

Bystøl AS klaga 15.05.2019 på vegne av Sesskraft AS på Noregs vassdrags- og energidirektorat sitt avslag av 26.04.2019 på søknad om konsesjon til regulering av Instebotnvatnet i Vestnes kommune i Møre og Romsdal.

NVE har vurdert klagen i brev til departementet av 17.01.2020 og ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket.

Bakgrunn

Sesskraft AS søkte 10.04.2018 om regulering av Instebotnvatnet mellom kote 726 og 728.

Sessselva kraftverk blei sett i drift i 2016. Kraftverket har hovudinntak i Hoemselva, og eit inntak i Sessselva med overføring til hovudinntaket. Inntaket i Hoemselva er på kote 325 nedstraums Instebotnvatnet. Inntaket er ca. 3,5 km i luftlinje frå Instebotnvatnet. Kraftverket fekk konsesjon etter NVE sitt vedtak av 12.05.2014 og OED si avgjerd 05.09.2014 etter klage og motsegn til NVE sitt vedtak.

Etter søknaden er det planlagt å bygge ein massivdam i betong med lengd ca. 9 meter og største høgd 2,5 meter. Instebotnvatnet ville dermed bli heva med ca. ein halv meter. Frå dammen skal vatnet gå i det naturlege elveløpet til inntaket til Sessselva kraftverk i Hoemselva. Vassføringa frå vatnet vil gjennom reguleringa bli jamna ut, noko som gjev mindre overløp over inntaket til Sessselva kraftverk.

Søkar har føreslege ei minstevassføring på 20 l/s om sommaren og 10 l/s om vinteren.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vassressursavdelinga

Sakshandsamar
Katrín Lervik
22 24 63 60

Reguleringa vil auke tilførsla av vatn til eit eksisterande vasskraftverk og er venta å gje ein produksjonsauke på 1,5 GWh/år i Sesselva kraftverk. Tiltaket er altså eit opprustings- og utvidingsprosjekt (O/U).

I NVE si høyring av saka rådde Vestnes kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal frå ei utbygging. Naturvernforbundet i Vestnes, Forum for Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal, Daugstad og Vike utmarkslag og fleire privatpersonar er negative til ei regulering av Instebotnvatnet. Møre og Romsdal fylkeskommune går ikkje mot reguleringa, og peikar på at tiltaket ikkje er i konflikt med kjende kulturminne.

NVE sitt avslag

NVE ga avslag på konsesjonssøknaden 26.04.2019. I Bakgrunn for vedtak oppsummerer dei vurderinga si slik:

NVE mener det er viktig for landskapsbildet å bevare resterende dynamikk i vassdraget. NVE har også lagt vekt på at reguleringen vil påvirke enda et viktig landskapselement oppstrøms eksisterende utbygging. Øvre del av tiltaksområdet fremstår som urørt i dag. NVE mener at dette er kvaliteter som har stor verdi, da den samlede belastningen på vassdragsnaturen lokalt er høy. Vi har merket oss at kommunen har vektlagt disse hensynene i sin tilråding. NVE har lagt stor vekt på tiltakets negative innvirkning på landskap og friluftsliv.

NVE mener tiltaket kan ha negativ innvirkning på biologisk mangfold, herunder også akvatiske miljø. Etter NVEs mening er det særlig mosefloraen i området som er biologisk interessant, og det er påvist en art ved Instebotnvatnet som kan være ny for vitenskapen. NVE mener funnet ikke er av avgjørende for konsesjonsspørsmålet ettersom arten ikke vil bli direkte berørt av omsøkte tiltak, men vi noterer oss at potensialet for sjeldne moser er til stede lokalt. I denne sammenheng vil vi også vise til at elvestrekningen mellom Instebotnvatnet og kraftverksinnsinntaket i Hoemselva ikke er inventert, og det kan ikke utelukkes at tiltaket kan ha negativ innvirkning på biologisk mangfold her. NVE har likevel ikke lagt avgjørende vekt på dette, selv om det innebærer en viss usikkerhet. Bortsett fra en mer stabil minstevannføring, mener NVE at tiltaket kan forsterke de negative virkningene på biologisk mangfold i eksisterende utbygging i form av færre dager med overløp.

En eventuell regulering av Instebotnvatnet vil etter søkers beregning gi 1,85 GWh ytterligere produksjon i Sesselva kraftverk i et gjennomsnittså. Etter NVEs beregninger er produksjonen trolig mindre enn dette. NVE vurderer kostnadene ved tiltaket som svært gunstig i forhold til andre konsesjonsgitte vind- og småkraftverk. NVE mener likevel ikke ulempene kan forsvare den relativt beskjedne produksjonsøkningen.

Klagen

Bystøl AS klaga på NVE sitt vedtak i brev av 15.05.2019. Klagen blei utdjupa i brev av 29.05.2019.

Klagar meiner NVE har lagt for stor vekt på dei negative verknadane ved prosjektet, og for lite vekt på dei positive. Dei peikar også på at verknadane av reguleringa vil vere mindre enn NVE har lagt til grunn i sitt vedtak.

Til skilnad frå NVE meiner klagar at reguleringa vil gje betre synlegheit for Liafossen i fjordlandskapet, då reguleringa vil gje større vassføring i lågvassperiodar. Dei meiner også at verknaden av reguleringa i våte periodar ikkje vil vere stor.

Bystøl AS meiner verknaden for friluftslivet vil bli liten, då dei viser til at vatnet kan ha ein stabil vasstand på kote 727 om sommaren. Dei meiner også at området er lite brukt.

Når det gjeld naturmangfald viser klagar til at vassføringa ikkje blir redusert, men vil fordele seg annleis i tid, og at det dermed er lite sannsyn for negative verknadar for naturmangfaldet. Dei meiner ein ikkje kan sjå bort frå at vassføringa i tørre periodar blir auka.

Klagar oppsummerer klagen slik i utdjupinga av 29.05.2019:

Vi meiner NVE i sine vurderingar har tillagt dei negative konsekvensane av ei regulering av Instebotnvatnet stor vekt og tilsvarande har undervurdert dei positive verknadene prosjektet vil ha for Sesskraft AS og samfunnet elles. Som fylgje av dette ber vi om at vedtaket vert gjort om. Vi tillet oss også å påpeike at det frå NVE ved fleire høve er oppmoda om å søkje om reguleringar i allereie utbygde vassdrag, for å auke og jamne ut produksjonen. På denne måten får allereie gjennomførte inngrep større verdi for eigarar og samfunn.

Departementet sine vurderingar

Løyve til regulering av Instebotnvatnet kan gjevast dersom "fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser," jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane i klagen som er naudsynt for å grunngje avgjerda. Departementet kan også ta omsyn til tilhøve som ikkje er omtala i klagen.

Kunnskapsgrunnlaget og tilhøvet til naturmangfaldlova

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Det vert også vist til forvaltingsmåla for naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli påverka av ei utbygging.

Slik departementet ser det har NVE i tilfredsstillande grad vurdert og vektlagd prinsippa i naturmangfaldlova som gjeld offentlege avgjerder i skjønnet og grunngjevinga for vedtaket om regulering av Instebotnvatnet.

I tråd med naturmangfaldlova § 8 første ledd om kunnskapsgrunnlaget bygger departementet si vurdering m.a. på følgjande:

- Konesjonssøknaden, datert 10.04.2018
- Biomangfoldrapport, Bioreg AS, 15.02.2017
- Innkomne høyringsuttalar til NVE
- NVE sitt vedtak av 26.04.2019
- Klagen av 15.05.2019, med utdjujingar av 29.05.2019
- NVE si oversending og vurdering av klagen av 17.01.2020

Departementet meiner at naturmangfaldlova § 7 gjennom handsaminga av NVE og departementet er oppfylt.

Økonomi – prissette verknadar

Departementet meiner at den viktigaste samfunnsnyttan med regulering av Instebotnvatnet vil vere produksjon av fornybar energi. Tiltaket vil kunne ha positive verknadar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetjing i anleggsperioden. Vidare kan utbygginga gje inntekter til søkar, grunneigarane og Vestnes kommune.

Reguleringa av Instebotnvatnet er venta å gje ein produksjonsauke på 1,5 GWh/år. Utbyggar estimerte i søknaden ein auke på 1,85 GWh/år, medan NVE la til grunn ein auke på 1,1 GWh/år. I klagen justerte utbyggar sitt estimat til 1,5 GWh. Reguleringa har ein estimert utbyggingskostnad på 3,1 millionar kroner i søknaden, med prisnivå 2017. Justert til 2021-nivå med NVE sin kostnadsindeks for vasskraft får prosjektet ein utbyggingskostnad på 3,4 millionar kroner, som gjev ein spesifikk utbyggingskostnad på 2,3 kr/kWh.

Inntektssida til prosjektet, representert ved noverdien av prosjektet, inngår som eit element i departementet si samla vurdering av fordelane og ulempene ved prosjektet. Departementet har gjort ei utrekning av noverdien basert på søkar sine oppgjevne investeringskostnadar, typiske driftskostnadar, venta produksjon og eit utfallsrom for kraftprisen slik han er modellert av NVE fram mot 2040 (høg/låg/basis).

Tiltaket har klart positiv noverdi for alle prisbanar og i heile usikkerheitsspennet for utbyggingskostnad.

Usikkerheita er normalt betydeleg i denne fasen både når det gjeld faktisk produksjon og kostnadar. Dei samla verknadane av tiltaket er ikkje avgrensa til dei som er prissette. I konsesjonsvurderinga vil departementet vurdere miljøverknadane av tiltaket nærare, og ta stilling til om tiltaket er samfunnsøkonomisk lønsamt.

Naturmangfald

Ei regulering av Instebotnvatnet vil gje eit fysisk inngrep i form av ein dam med tilhøyrande tekniske installasjonar, riggområde mv., ei reguleringszone på to meter og utjamna vassføring mellom Instebotnvatnet og inntaket til Sesselva kraftverk.

Området rundt Instebotnvatnet er undersøkt av Bioreg AS, og det er ikkje viktige naturtypar eller truga artar som vil bli påverka av reguleringa.

Elvestrekninga mellom Instebotnvatnet og inntaket til Sesselva kraftverk er ikkje undersøkt. Her vil vassføringa bli jamna ut, og det kan ha verknadar for artar som trivst med varierende grad av fukt. Det må difor leggast noko vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova.

Ein annan verknad av reguleringa er at det vil vere færre dagar med overløp over inntaket til Sesselva kraftverk, noko som vil redusere vassføringa i Liafossen i Hoemselva mellom inntaket og kraftstasjonen. I eit år med normal vassføring vil talet på dagar med overløp over inntaket bli redusert frå 30 til 15 ved ei utbygging. Ved Liafossen er det ei fossesprøytsone med status lokalt viktig, der det også i samband med konsesjonssaka for Sesselva kraftverk blei identifisert gubbeskjegg, som er nært truga i Norsk raudliste.

Departementet skreiv om Liafossen i vedtaket sitt i klagesaka om konsesjon til Sesselva kraftverk av 08.09.2014:

Det kan difor, slik departementet ser det, leggast til grunn at tiltaket vil ha påverknad på naturtypar av middels verdi, og at verknadane dermed vert middels negative. Verknaden er altså middels negativ for den delen av Sesselva som er ei bekkekløft, for fosserøyksona ved Liafossen i Hoemselva, og for rikmyra ved Sessetra.

Departementet har altså tidlegare meint at verknaden av utbygginga av Hoemselva gjev er middels negativ for naturmangfaldet i fossesprøytsona ved Liafossen. I vurderinga av om det skal gjevast konsesjon til reguleringa av Instebotnvatnet leggast til grunn at verknaden frå vasskraftutbygging for Hoemselva blir ytterlegare forsterka i negativ retning.

Samla meiner departementet at ei regulering av Instebotnvatnet kan ha ein liten negativ verknad på naturmangfald. Det er lagt noko vekt på dette i vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Landskap og friluftsliv

Dei mest vesentlege verknadane av reguleringa av Instebotnvatnet for landskap og friluftsliv er noko redusert vassføring i Liafossen og synleg dam og reguleringszone ved Instebotnvatnet.

Liafossen er synleg frå fjorden, og departementet sluttar seg til NVE si vurdering av at fossen er markant. Graden og retninga til påverknaden på Liafossen ved ei regulering av

Instebotnvatnet kan skildrast på samme måte som verknaden for naturmangfald ved Liafossen. Fossen vil bli noko mindre synleg ved ei regulering.

NVE skriv i «Bakgrunn for vedtak» at påverknad på Liafossen som landskapselement var drøfta i vedtaket for Sesselva kraftverk av 12.05.2014. Det blei den gongen lagt vekt på at minstevassføring saman med naturleg overløp ville ta vare på noko av dynamikken i fossen. Departementet la også vekt på dette i si avgjerd av 05.09.2014 i klagesaka. NVE meiner at ei regulering av Instebotnvatnet vil ta bort mykje av den resterande dynamikken i fossen. Departementet sluttar seg til denne vurderinga.

Retningslinjene for små vasskraftverk frå 2007 tillegg stor verdi til vestnorsk fjordlandskap. Her heiter det mellom anna at:

Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av dominerende landskapselementer, for eksempel fosser i fossefjordlandskap, bør som hovedregel unngås

I dette tilfellet meiner departementet at reguleringa av Instebotnvatnet kan gje ein liten negativ verknad for vestnorsk fjordlandskap av middels verdi. Departementet legg noko vekt på dette i vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Høyringsfråsegnene og søknaden gjev grunnlag for å meine at området ved Instebotnvatnet har noko verdi som friluftsområde, særleg lokalt. Departementet meiner at verknaden for friluftsliv er liten, men negativ. Departementet har lagt noko vekt på verknaden for friluftsliv i vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Oppsummering og konklusjon

Etter departementet sitt syn vil ei regulering av Instebotn ha avgrensa negative verknadar for allmenne og private interesser. Landskap vil bli noko negativt påverka i form av færre dagar med overløp og fleire dagar med redusert vassføring i Liafossen, som er eit synleg element i fjordlandskapet. Naturopplevinga ved Instebotnvatnet vil bli noko påverka av fysiske inngrep og reguleringssone. Naturmangfaldet kan bli noko påverka gjennom den reduserte vassføringa i Liafossen og gjennom ei jamnare vassføring mellom Instebotnvatnet og inntaket til kraftverket.

Dei prissette verknadane av reguleringa, som er verdien av den auka produksjonen av fornybar energi målt opp mot utbyggingskostnaden, gjev klart positiv noverdi. Samstundes er 1,5 GWh ein liten auke i fornybar kraftproduksjon. Departementet meiner at sjølv om tiltaket har positiv noverdi er ikkje den positive noverdien tilstrekkeleg stor sett i høve dei negative verknadane av tiltaket.

Etter ei samla vurdering har departementet komme til at fordelane ved tiltaket ikkje er større enn skadar og ulemper for private og almenne interesser. Vilåret for å gje konsesjon er ikkje til stades, jf. vassressurslova § 25, fyrste ledd.

Vedtak

Klagen frå Bystøl AS blir ikkje teken til følge. Departementet opprettheld NVE sitt avslag på søknaden om konsesjon til regulering av Instebotnvatnet.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltingslova § 28, tredje ledd, første punktum.

Med helsing

Trond Ulven Ingvaldsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Katrin Lervik
underdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikke handskrivne signaturar

Kopi

Norges vassdrags- og energidirektorat